

Svein Magne Myklebust frå Uskedalen er ivrig hundekøyrar og Stavanger Aftenblad har hatt ein stor reportasje om då han lærte barn og foreldre frå Hardangerområdet å køyra hundeslede på Haukeli. Den svarte leiarhunden Lucky og Ijose My trakk saman med 8 andre sibirske huskyar det første av fire hundespenn. Svein Magne er glad i alle men får eit spesielt tilhøve til leiarhundane.

Borna som var med på turen til Barnas Turlag var frå 7 til 13 år og hadde foreldra med. Under leiing av Myklebust meistra dei snart konsten å styra eit hundespenn.

Leiren låg såvidt ute av syne frå Haukeliseter fjellstue og tidleg dag nummer 2 drog hundspanna avgarde innover i fjellet.

Turane er ein kombinasjon av køyring og det å liggja ute i telt. Begge deler er noko som folk gjerne ikkje ville ha gjennomført på eigenhand. Her får dei ei utfordring samstundes som dei opplever eit godt organisert opplegg.

Nesten alle borna valde seg ut ein yndlingshund som dei dulla med heile helga og sundag drog dei trøtte og lukkelege ned frå fjellet.

Av Ola Matti Mathisen
Foto: Stavanger Aftenblad